

VED GRAVEN

Fager kveldsol smiler over heimen ned,
jord og himmel kviler stilt i heilag fred.

Berre bekken brusar frå det bratte fjell,
høyr, kor sterkt det susar i den stille kveld!

Ingen kveld kan læra bekken fred og ro,
ingi klokke bera honom kvilebod.

Så mitt hjarta stundar, bankande i barm,
til eg eingong blundar i Guds faderarm.

Prest: Tommy Stormo
Organist: Gunn Sissel B. Klåseth



Malmefjordvegen 18 - 6440 Elnesvågen Tlf 90 18 44 14
Trykk: Fræna-Trykk



© inmemory.no

Gudrun Flatmo

* 05.02.1927 † 13.04.2023



Begravelse
Myrbostad kyrkje
26. april 2023

PRELUDIUM

Et slåttatøja

ÅPNINGSORD

ÅPNINGSSALME

Ein fin liten blome i skogen eg ser, i granskogen diger og dryg,
og vent mellom mose og lyng han seg ter. Han står der så liten og blyg.

Sei, ottast du ikkje i skogen stå gøymd der skuggane tyngja deg må?
Å nei, for av Herren eg aldri vert gløymd, til ringaste blom vil han sjå.

Men ynskjer du ikkje i prydhagen stå, der folk kunne skoda på deg?
Å nei, eg trivst best mellom ringe og små, eg føddest til skogblome, eg.

Ein dag vil den stormande vinter deg nå, då vert det vel dødsdagen din.
Då kviler eg lunt og har snøkåpa på, til vårsola kysser mitt kinn.

Eit bod frå min Herre du blome meg ber: Om einsleg eg vert på min veg,
så veit eg at Herren vil vera meg nær, Gud Fader, han vernar òg meg.

Om enn eg er liten, har Herren meg kjær, med honom eg kjenner meg sæl.
Kvar morgon meg bøna til himmelen ber, med bøna eg sovnar kvar kveld.

Ein kledning eg fekk av min Frelsarmann kjær, i blodet hans reinsa den er.
Den høver for himlen, der gullgater er, den høver for vandrainga her.

Som blomen om vinteren visnar eg av, men gled meg, for då står eg brud.
Lat lekamen kvila med fred i si grav, mi sjel, ho er heime hos Gud!

Ja, glad skal eg vakna hos Jesus eingong i morgonen æveleg klår,
og blanda med heilage englar min song i himlen, dit døden ei når!

TEKSTLESNING

MINNEORD OG BLOMSTERHELSINGAR

SALME FØR TALEN

Dype, stille, sterke, milde guddomsord fra himmelhavn
kaller, beder, sjeler leder til den gode hyrdes favn,
vitner om hva oss er givet: Jesus er vår vei til livet.

Frelser kjære, takk deg være for din nåde mot vår jord!
Tiden rinner, verden svinner, evig dog består ditt ord.
Med ditt ord din nåde varer, er vårt vern mot alle farer.

Drag de mange sjeler bange til deg ved din Hellig Ånd!
Alle vegne døden segne for din sterke frelserhånd!
Før oss frem på livets veie, før oss inn til livets eie!

TALE OG BØNN

Vår Far i himmelen! Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda
slik som i himmelen. Gjev oss i dag
vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt, og makta og æra i all æve.
Amen

SALME ETTER TALEN (AVSPELING)

Det finst ei jord som opnar opp sitt djup av svarte natt,
og løyner både sjel og kropp til ingenting er att.

Det finst ei natt som møter deg
og tek deg mjukt imot, og let deg kvila æveleg,
di hand, di sjel, din fot.

Det finst frå Gud i alt som er, i jord og nattevrimmel,
di sjel er hans, du er hans verd,
du lyser fram hans himmel

POSTLUDIUM

Vårsøg